


NR. 1 FREDAG 10. OKTOBER 1941 1. ÅRGANG

18de s. e. trieining.
Matt. 22, 34—46.

Kom Herre på oss anda!
Gjer livande ditt ord!

Kjærleik er oppfylling av lova.

Til kjærleik Gud oss skapte,
Til kjærleik hjarta trår,
Dei livsens lukka tapte,
Som ei Guds kjærleik når.

Folk flest meiner at kjærleik er søte kjensler. So vanleg, og so utbreidd er den meining, at me står framande for Guds tale om kva kjærleik er.

Teksta vår idag gjev oss Guds svar på kva kjærleik er. Svaret kan me samla i ordet frå Rom. 13,10. „Kjærleik er oppfylling av lova".

Kjærleik er livet som fyller Guds krav. „Den som held ordet hans, han er i sanning kjærleiken til Gud fullkomen". (1. Joh. 2,5).

Krossen med den lidande og blødande frelsaren er den klåraste tale om og framsyning av kva kjærleik er.

„Han var lydig alt til døden, ja til døden på krossen." (Fil. 2,8).

Heile livet vigt Guds vilje —. Heile din personlegdom, alt det du er og har, på Guds alter — og i teneste for menneska —.

„Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarta, av heile din hug og av alt ditt vit — næsten som deg sjølv."

*

Dette livet er den djupaste lukka! Du trår etter det —. Du er ulukkeleg fordi du ikkje kan eiga det og — liva det —. Men høyr! Det er ditt!

„I dette er kjærleiken — at han har elska oss og sendt sonen sin til soning for syndene våre." (1. Joh. 4,10).

Ta imot! Takk! Liv i denne vissa og denne kraft!

Peder Ansgar Moe.

Han stend for døri no og bankar,
og der med bøn dei opna vil,
der gjeng han inn og sjeler sankar,
og nattverd sæl han byd dei til.
Med deg vil Jesus halda lag,
det vert for deg so sæl ein dag.

Til
VOSS KYRKJELYD!

Kyrkjelydblad for Voss.

Tanken om å få gjeva ut eige kyrkjelydblad for Voss er ikkje ny. Spørsmålet har vore oppe fleire gonger tidlegare og ein av dei som sterkt målbar tanken i si tid var sokneprest Strømme. Og ein var samde om at det både var eit sakn og tap for kyrkjelyden at her ikkje var kyrkjelydblad.

Men tilhøva og visse spørsmål i samband med dette gjorde at ein likevel ikkje hadde tru for å gå i gang med bladet den gong.

Men tanken har nå fengd på nytt att. Og dei mange spørsmål i samband med utgjevingi av bladet har vorte nøgje handsama og dryfte og soknerådet har funne tidi lageleg og vedteke å gå i gang med utgjevingi av bladet.

Dermed er Kyrkjelydbladet for Voss ein røyndom og eit gamalt ynskje gjenge i oppfylling.

So vil me beda kyrkjelyden taka

vel imot bladet. Og det gjer de best på den måten at heile kyrkjelyden vert glad i dette vesle bladet og fram for alt les det.

Mange vil kanskje spyrja: Er det turvande med noko serskilt kyrkjelydblad her? „Er det ikkje mange nok blad før med kyrkjelegt, kristelegt og ålment nytt? Og vil ikkje dette nye bladet koma i vegen for sume av desse?" Ved å setja seg nærmare inn i spørsmålet og tenkja nøgnare etter, trur me at dei fleste i allefall vil vera samde om at eit kyrkjelydblad har si serlege oppgåva på det kristelege og kyrkjelege omkverve innan bygdi som andre blad ikkje kan taka vare på og stetta på same måten.

Røynsla frå andre stader som i lenger tid har havt kyrkjelydblad stadfester at det er so. Og på grunn av den sterkt avgrensa oppgåva bladet har skulde det heller ikkje koma i vegen for andre blad, men heller kunna verta eit brukbart kjeldeskrift for kristelegt nytt frå Vossabygdi.

Men hovudfyremålet for kyrkjelydbladet er og bør alltid vera dette : Ein liten, stille, kravlaus ljosspreidar og ljosberar til kvar einaste huslyd i heile bygdi.

Det skulde minna kvar einaste huslyd og kvart medlem i huslyden om at me er alle framande og utlendingar her i denne verdi, at me er på reise og at reisi er stutt, og at den kursen me — eg og du, den einskilde — vel for denne ferdi er avgjerande for oss for tid og æva.

Og bladet skulde ogso vera kyrkjelyden si helsing til alle som lid og har det vondt, til dei sorgtyngde og nedbrotne, til dei sjuke og gamle som har vanskeleg for å koma og vera saman med oss andre.

Lat då bladet få verta deg ein kjær ven som kvar vika kjem til deg med nytt godt bod, med trøyst og ljos, med kraft og styrkje frå dei ævelege kjeldor.

Og du kvinna og mann i dette ville, rotlause jag for tilværet for deg og dine: Ta deg so mykje tid, unn deg so mykje ro at du stoggar opp for det verkeleg store og verdfulle i livet. Og lat dette vesle kyrkjelydbladet få vera med å peika på dette, til æveleg signing, gleda og lukka for deg og dine.

So ber me kyrkjelyden slutta opp om bladet. Og må so Herren leggja si signing til.

„Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggjer."

Torstein Kvamme,

Og ånden og bruri segjer: Kom! Og den som høyrer det, segje: Kom! Og den som er tyrst, han kome, og den som vil, han take livsens vatn for inkje!

Steinkrossen.

Ingen stad i landet har dei eit så gamalt og talande minnesmerke om då kristendomen kom til bygda, som vi her på Voss.

Steinkrossen burte på Prestegardsjordet vart reist då Heilag-Olav vitja Voss. Då vessene hogde den krossen, gav dei til kjenne at her i bygda skal kristeleg tru og sed råda. Det er vitnemålet og arven dei let etter seg.

Det kom nok sidan myrke tider, og folk ansa ikkje så mannjamt det Steinkrossen tala. Krossen stod der nok. Men den tanken han skulle tolka hadde lite tak på mengda.

No vil vi at tanken som Steinkrossen tolkar, skal meislast inn i hug og sinn. Difor kjem kyrkjelydbladet no inn i kvar einaste heim og vil minna deg om at her i din heim skal kristen tru og sed råda.

Steinkrossen peikar på den krossen som Frelsaren døydde på. Og det er gildt å veta at det har han gjort for ætt etter ætt her i bygda i snart 1000 år.

Vi veit ikkje so vel kva tankar dei hyste, dei som før har bygt og budt på odelsgard og gamle tun her i bygda. Vi veit heller ikkje kvar hugen hadde feste då augo brast. — Men eitt veit vi: Krossen har tala til alle døyande ætter: Jesus Kristus er vegen til livet!

Krossen talar. Kvar for seg lyt høyra!

Peter Madland.

Ljos frå ovan.

Å Herre, syn meg steg for steg
den veg du vil eg vandra skal,
i denne dimme jordlivs-dal
der synd og sotter breider seg!

Når ljoset ditt frå ovan fell
som strålekastar på min veg,
eg ferdast trygt i ville fjell
og ned dei bratte kleivarsteg.

I øydemark og ville heid
du førde før ditt Israèl.
Men klårt du synte veg og leid,
og deim med manna metta vèl.

Ditt himmelljos i jordardal
er lykti på min livsens veg.
Di himmelkraft er nok åt meg,
og manna din vert aldri all.

BRITA LID.

Søkjarar til Voss soknepresteembete

Einar Kindingstad sokneprest i Lunde, Agder, f. 1899, Teoretisk 1927 Laud, Praktisk 1927 Laud.

Svein Medhus sokneprest i Jostedalen og prost i Indre Sogn f. 1897, Teoretisk 1928 Haud Praktisk 1928 Haud

Sigvald Johan Våge, ordinert prest f. 1904, Troretisk 1933 Haud pr. gr. Praktisk 1934 Laud.

Kyrkjelydblad for Voss

Kjem ut kvar fredag.
Utgjeve av VOSS SOKNERÅD
Trykt i Voss Prenteverk — Telefon 215

Kyrkjelydbladet

skal koma ut fredag i kvar veka og kostar 2 kr. for året.

Kontingenten er friviljug. Likevel vonar me at mange, kanske størsteparten av abonnentane vil betala bladet, so me kan greida dei turvande utlegg til papir, trykning, ekspedisjon og porto m. m.

Bladet skal sendast til kvar husfyd i bygdi, og me vonar ein tek imot det. Når det kjem inn i alle heimane, vil det verta eit godt lysingsblad.

Send oss lysingar um møte, dødsfall og mange andre ting.

Som ein ser, er Kyrkjelydbladet lite av format, men det vil arbeida so godt det kan for store og gode saker, for kristendomen og kristeleg liv i heimane. Dessutan vil bladet stydja — etter beste evne — det som kan vera til hugnad og gleda i menneskelivet.

Der er fleire medarbeidarar som har lova å skriva i bladet.

Me vil beda um at mange vil senda oss meldingar og stykke um ymse spursmål.

Ver helsa.

Det vår med stor gleda eg såg at det skulde gjevast ut Kyrkjelydblad for Voss. Dermed er ein gamall tanke realisera. Og eg må få ynskja Voss kyrkjelyd hjartans til lukka med dette store tiltaket. Og det er mi bøn at dette må taka til i Jesu namn og verta til Hans æra.

Eit kyrkjelydblad har både det skrivne og det munnlege ords fyremun. Det kjem prenta inn i kvar heim og kann verta lese av alle og kann venta på ei høveleg stund å få koma med sin bodskap. Og det er samstundes eit so heilt personleg ord at det kjem med helsing just til deg som no les det, det er som eit godt, vensamt brev frå hjarta til hjarta.

Og just dette personlege treng me so sterkt, ikkje minst i den tid me no lever i. Truge samhald og personleg sanning. Men då kjenner me at me einast må byggja vårt liv på Han som er kjærleiken og sanningi. Det er Hans bodberar Kyrkjelydblad for Voss vil vera. Måtte det lukkast!

Med hjartans helsing

Olaf Strømme.

Døypte i Voss i sept.

Knut Hjalmar Lidsheim, foreldre Knut Lidsheim barberm. og Signe f. Henriksen.
Johan Kvåle, foreldre Brynjulv J. Kvåle gm. og Karen f. Sva
Jon Andersen, foreldre Finn J. Andersen barberm. og Olianna f. Vinsand.
Finn Arne Hansen, foreldre Hans Kristian Hansen, lok.pussar og Aste Petrine Arnesen,
Leiv Istad, foreldre Martin J. Istad gm. og Gudveig f. Bøyn.
Karl Marinius Fjørstad, foreldre Fredrik F. Fjørstad, bilf. og Karoline f. Ødegård.
Margit Rong, foreldre Knut H. Rong gm. og Ragnhild f. Gjeraldstveit
Gudrun Eikefjord, foreldre Olav J. Eikefjord, skiferarb. og Ingeleiv f. Fenne.
Hildur Haugstvedt, foreldre Per J. Haugstvedt byggmeister og Solveig f. Lid.
Randi Ystås, foreldre Jon N. Ystås bakar og Lilly f. Bonå.

Ektevigde i Voss sept.

Johannes L. Mosafinn og Margit J. Farestveit.
Einar E. Svennsson og Johanna N. Repål.
Magne J. Timberlid og Gugrun S. Selheim.
Nils K. Ringheim og Klara P. Amundsen.
Nils J. Småbrekke og Ingeborg L. Tørvik.

Døde i Voss sept. 1941

Ingrid Magnusdtr. Bjørndal, barn f. 19/8 1941 d. 3/9
Marta Johannesdotter Skjoldli f. Kvitingen f. 7/10 1867 d. 4/9
Synneva Pedersdtr. Dymbe f. 15/6 1877 d. 23/9

Kinamisjonen.

J. SANDVIK talar:

Laurdag kl. 8 på Ringheim
Sundag kl. 11 i Bulken Samlingshus. Innsamling.
Måndag kl. 8 på Kyte (S.Grøneng)
Tysdag kl. 8 på Nedkvitne
Onsdag kl, 8 på Telland
Torsdag kl. 8 i Bjørgum skule

Misjonær ANDA talar:

Måndag kl. 8 i foreningi Kinas ven
Tysdag kl 8 i Vonheim
Onsdag kl. 8 på Kløve
Torsdag kl. 8 i Kyrkja

Fredag kl. 7 festleg samver på Ygre (meierisalen).

Talar av misjonær Anda og J. Sandvik. Misjonsoffer.

Kyrkjelydfest

vert halden sundag kl. 16 i kyrkja.

Festtale av kst. sokneprest Madland og korte talar av sokneprest Strømme og A. G. Kløve.

Musikk og korsong.

Tak med mat.

Kollekt til kyrkjelydbladet for Voss.

Voss Uldvarefabrik A/S
TØIER — TEPPER PLEDD — GARN

VOSS HANDELSLAG
TELEFON: 58 — 308
KOLONIAL. MANUFAKTUR. STEINTY. JARNVAROR

GJERDE BRUK L/L
TELEFON 249

VOSS SPAREBANK
Eigne fonds pr. 1/1 1941 kr. 1,452,367.41
Forvaltningsmidel pr. 1/1 1941 kr. 11,580,271.85

A/S Voss Veksel- og Landmandsbank
LUTMIDEL 500,000,00
FONDS 500,000,00

Lyft i flokk!
Støtt Kooperasjonen og kjøp i
SAMVIRKELAGET

VOSS PRENTEVERK
Telefon 215
SNØGT - GODT - BILLEG

Rens og farg i
Voss Kjemiske RENSERI & FARGERI
INNEH. H. FOLKEDAL

I. HØGHEIM
TELEFON 181
Kolonial, Feitevaror, Brød, Frukt

GEORGE ROKNE
TELEFON 17 k — 87 k

Voss Installasjonsforretning
Odd Himle
TELEFON 117
Elektrisk installasjon.

Sølv og Gull vert kjøpt
Reparasjonar vert utført
„Sølvsmidja"

Løysingsordet.

Nåde er ordet frå Gud til oss,
nåde er himmelens helsing til Voss:
Av nåde, berre av nåde.

Me minnest dei gamle som trudde på Gud,
dei levde av berre nåde.
Og kvar som synda og sulka seg ut,
dei gjekk der i ly av nåde.

I rullande hundradår klokkor har klykt,
dei varslar um æveleg nåde.
Og dei som Guds rike frå Herren har bygt,
dei stod der av berre nåde.

Til dåps og til altars og venelag
det bylgjar ikring oss nåde.
I høgtid og helg og kvar vyrkedag
umringa me er av nåde.

Martinus Sørestrand.

Kinamisjonen.

Oktober månad er kinamisjonen sin offermånad på Voss. Iår skal emissær Johannes Sandvik vera her heile tidi, dessutan kjem misjonær Arne Anda og sekretær Hårvik ei stuttare tid kvar.

Sandvik er kjend på Voss frå før. Han er fødd i Samnanger, men bur no i Eikelandsosen i Fusa, der han har fått seg eit bureisingsbruk. Om sumarhalvåret driv han difor som gardbrukar og nybrotsmann. Det er 18 år sidan han byrja å reisa som emissær. Dei 4 fyrste åri virka han på Austlandet og litt på Sørlandet. Men så vart han tilsett i Bergens krins og har reist her heile tidi sidan, ialt 14 år. Sandvik er i sine beste år, og det er gildt å høyra han.

Misjonær Anda er meir ukjend for vossingane. Han er frå Jæren og reiste til Kina for fyrste gong i 1920. Då Kinaforbundet opna ny misjonsmark i Manchoukuo, vart Anda flutt over dit. Han har vore ute i to periodar og kom heim 1938. Medan han var i Kina, vart han om hausten 1924 teken til fange av ein røvarflokk. Han laut fylgja røvarane ein månad og leid mykje vondt, serleg ved å frysa.

Det er å ynskja at folk vil koma på møti og stydja kinamisjonen etter beste evne.

B. K.

Hausttakkefest

Me skal gjera merksam på at hausttakkefesten vert halden saman med kyrkjelydfesten no sundag kl. 16 i kyrkja. Sjå lysingi.